



Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Anne Vibeke Barkved, 5764 3117

## Tildelingsbrev - stimuleringsmidlar til eigeninitiert utviklingsprosjekt

Vi viser til søknad frå dykk av 31.05.2023.

Tilskotsordninga er ein del av kompetansestrategien for det kommunale barnevernet, og skal medverke til å stimulere til teneste- og tiltaksutvikling i kommunane for å styrke oppfølginga av utsette barn og familiane deira. I 2023 har Statsforvaltaren i Vestland kr 1 445 026,- i tilskotsmidlar til disposisjon til å støtte kommunane sine eigeninitierte utviklingsprosjekt som er forankra i kommunale læringsnettverk.

Kvinnherad som vertskommune søkjer i samarbeid med Vik, Sogndal, Sunnfjord, Luster, Aurland, Lærdal, Høyanger, Osterøy, Vaksdal, Modalen og Årdal kommune om kr 1 910 000,- til utviklingsprosjektet «*Rettleiing i Vestland*». Med utgangspunkt i ny barnevernslov av 01.01.2023 om krav om nødvendig opplæring og rettleiing av tilsette i barnevernstenestene, ønskjer 8 kommunar i Vestland å gå saman og auke kompetansen om rettleiing i tenestene. Målet er at alle tenestene skal få auka kompetanse på rettleiing internt, og på rettleiing mellom leiar og medarbeidarar. De har avtale om å samarbeide med Norce, RKBV Vest, som skal bidra med fagleg rettleiing og forskingsbasert kunnskap til prosjektet.

De søkjer om midlar til å frikjøpe prosjektleiar i 40 %, og om 10 % stilling i kvar av deltakarkommunane. I tillegg søkjer de om tilskot til gjennomføring av opplæring og samlingar, og dekking av reiseutgifter i samband med dette.

Statsforvaltaren si vurdering er at de har skildra eit relevant prosjekt med stor overføringsverdi til andre kommunar i læringsnettverket. De har i risikovurderinga og prosjektbeskrivinga grunngjeve behovet for dette utviklingsarbeidet godt. Vi har vektlagt i vurderinga at dette er eit prosjekt med mange kommunar som ikkje tidlegare har fått stimuleringsmidlar, og på årsmøtet i nettverket var det einigheit om at dette skulle leggst vekt på i fordelinga av tilskotet. Vi vurderer at prosjektet er i ein tidleg fase, og at prosjektskissa må utdjupast. Det er heller ikkje klart kven som skal bidra inn i prosjektet frå alle kommunane enda. Vi vurderer at prosjektet stettar dei vilkåra som Barne-, Ungdoms- og familiedirektoratet har sett for tilskotsmidlane.



**Statsforvaltaren i Vestland Løyver med dette kr 900 000,-** til utviklingsprosjektet «Rettleiing i Vestland». Vi vil betale ut pengane etter at vi har motteke vedlagte skjema for stadfesting på at de aksepterer dei kriteria for løyvinga som kjem fram av dette brevet. Stadfestinga (vedlegg 1) må de sende til Statsforvaltaren i Vestland **innan 01.08.2023**, merka med referansenummeret vårt **23/2010**.

Løyvinga kan de nytte til frikjøp av prosjektkoordinator og medarbeidarar i prosjektgruppa, og til gjennomføring av opplæring og samlingar. Vi har redusert løyvingar til lønn for prosjektmedarbeidarar, samlingar og reiseutgifter. Grunngevinga for dette er at vi har mottatt søknadar for eit større beløp enn vi har til rådighet, og at prosjektet er i ei tidleg fase. Vi har også lagt vekt på dykkar ynskje om at støtte til frikjøp skal prioriterast. Vi sett derfor ikkje eit tak på kor stor del av midlane de nyttar til frikjøp eller samlingar innanfor ramma på 900 000,-, dette vert opp til dykk å fordele på ein måte som tener føremålet best.

Vi gjer merksam på at vi forventar å lyse ut nye tilskotsmidlar våren 2024.

De kan ikkje nytte dei tildelte midlane til andre føremål. Dersom de ønskjer å omdisponere tilskotet innafor same føremål, må de avklare dette skriftleg med Statsforvaltaren på førehand.

Tilskotet må nyttast innan utgangen av 2024. Dersom løyvingane ikkje kan nyttast etter føresetnadane, skal de betale pengane attende til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren, Barne,- ungdoms- og familiedirektoratet og Riksrevisjonen kan i samsvar med reglane i det statlege løyvingsreglementet kontrollere at løyvinga vert nytta etter føresetnadane.

Revisorattestert rekneskap, rapport om prosjektet og bruken av pengane skal de sende til Statsforvaltaren **innan 01.02.2025**. Rekneskapan må de setje opp på ein slik måte at Statsforvaltaren kan kontrollere at løyvinga er nytta i tråd med føresetnadane.

Svar på dette brevet skal de sende til vårt postmottak: [sfvpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvpost@statsforvalteren.no)

Praktiske spørsmål knytt til prosjektet kan de sende til kontaktperson hjå Statsforvaltaren: Bente Cecilie Foss, på e-post: [bente.foss@statsforvalteren.no](mailto:bente.foss@statsforvalteren.no)

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen  
seksjonsleiar

Anne Vibeke Barkved  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER



Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Osterøy kommune	Postboks 1	5293	LONEVÅG
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgata 16	5722	DALEKVAM
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Lærdal kommune	Øyraplassen 7	6887	LÆRDAL